

SØKNAD OM TILSKOT TIL UTGREIING OM NYTT REGIONRÅD

Nordfjorderrådet og Samarbeidsutvalet i Sunnfjord (SiS) ønskjer å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag for å vurdere om ein bør slå saman regionråda i Nordfjord og Sunnfjord. I etterkant har òg HAFS regionråd (Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund) bedt om å bli ein del av utgreiinga. Dette er likevel ikkje avgjort. Vi legg derfor til grunn ei analyse for Nordfjorderrådet og SiS. Arbeidet vil bli gjort av PwC og bør vere ferdig ultimo 2020 slik at ein rask kan få ta ei avgjerse om framtidige organisering av regionråda i Vestland.

På vegne av Nordfjorderrådet, SiS og HAFS søker vi om 200 000 kroner til å greie ut grunnlaget for å etablere eit samla regionråd i Sunnfjord og Nordfjord.

Regionråda i Vestland

Regionråda har vore viktige regionalpolitiske aktørar både i Hordaland og Sogn og Fjordane. Samlinga av alle regionråda i Hordaland og Sogn og Fjordane i februar 2019 om «vegen vidare», synest å ha gitt regionråda meir merksemd og aktualitet. Ikkje minst har det resultert i at regionråda framstår meir samla i det nye Vestland og at ein i større grad ser felles utfordringar og muligheter regionalt. Det har òg ført til eit større engasjement mot fylkeskommunen og felles muligheter for å styre og bygge eit samla Vestland.

I takt med endringar av struktur både i kommune- og fylkeskommune, er òg landskapet for regionråda i endringar. Det gjeld spesielt i den nordlege delen av Vestland.

I dialog med fylkeskommunen har regionråda samla presentert viktige sider ved rolla regionråda ønskjer å spele. Her peiker vi på korleis regionråda kan brukast til å ivareta den regionale utviklarrolla som den nye fylkeskommunen har, vise korleis vi kan vere med å balansera by/land-utfordringane, framheve moglegheitene og styrkane lokalt, sikre regionale fagnettverk, og utfordre fylkeskommunen som arena for samarbeid mellom regionråda gjennom årlege regionmøte. Vi har elles presentert desse tema som særleg relevante:

- regional planlegging
- infrastruktur
- berekraftig skulestruktur
- partnerskap med Høgskulen på Vestlandet innan opplæring, helse og sosial og tekniske fag.
- internasjonalisering
- regional beredskap - ras, brann, flom samt oppfølging av koronaviruset.
- eiga distriktsmelding for Vestland

Nytt regionråd

Rådmannsgruppa i Nordfjordkommunane, Kinn og Sunnfjord har teke initiativ til å sjå nærmare på moglegheiter for eit tettare regionsamarbeid. Vi ser eit openbart grunnlag for nærmare samarbeid og mogeleg samanslåing både av geografiske grunnar og for å arbeide

med strategisk viktige utfordringar i regionen. PwC har fått tilbodet om å gjennomføre ei slik utgreiing og vil presentere eit forslag ved årsskifte 2020/2021.

Forventa resultat og effekt

Det er forventa at utgreiinga presenterer alternative måtar å samarbeide på inkludert vise ulike modellar for felles regionråd ut frå geografiske grenser. Slik det regionale landskapet har endra seg, er det mykje som kan tyde på at vi vil kunne få eit meir robust og eintydig regionråd som vil vere betre i stand til å inngå partnerskap med fylkeskommunen og andre regionale aktørar innan nærings- og samfunnsliv, enn i dag. Korleis dette vil sjå ut meir konkret, vil utgreiinga vise.

Ei viktig side er framtidig fagnettverk i regionen. Det er eit stort behov for våre kommunar å sikre seg eit fagnettverk som betre og meir effektivt kan møte utfordringar både innan tekniske tenester, beredskap, klima og strategisk planlegging, helse og sosiale tenester, kultur og opplæring. Dette er område som i aukande grad set krav til koordinering og samarbeid over kommunegrensene. Utfordringa med koronaviruset Covid 19 er berre eit av fleire døme.

Budsjett

Vi ser det som naturleg at vi søker samla både for utgreiing mellom Nordfjord og Sunnfjord.

Utgreiing om regionråd i Nordfjord og Sunnfjord		
	Kostnad	Finansiering
PwC - utgreiing Nordfjord, Sunnfjord og HAFS	560 000	
Stad kommune		60 000
Gloppen kommune		60 000
Stryn kommune		60 000
Sunnfjord kommune		60 000
Bremanger kommune		60 000
Kinn kommune		60 000
Vestland fylkeskommune		200 000
	560 000	560 000

Med helsing

Åslaug Krogsæter

Kommunedirektør Stad kommune og
rådmannsutvalet Nordfjord

Ole John Østenstad

Kommunedirektør Sunnfjord kommune og
rådmannsutvalet SiS